



Vassbakk & Stol AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1158 - 15/3284

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

19.02.2015

Klage over reguleringsplan for Hoplandsdalen - Avvisingsvedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 47/2015

Meland kommune viser til tidlegare korrespondanse i saka, seinast ved kommunen sitt orienteringsskriv av 12.1.2015 og merknader frå Vassbakk og Stol til dette ved skriv av 3.2.2015.

Saksutgreiing:

Saka gjeld klage over kommunestyret sitt vedtak av 18.6.2014, sak 46/2014. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

«Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støypromblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen»

Frå Meland kommune si side vart det opplyst at dette vedtaket kunne påklagast som eit enkeltvedtak. Innan fristen vart vedtaket påklaga av Vassbakk & Stol.

I orienteringsskriv frå kommunen av 12.1.2015 vart det informert om at påklaga vedtak likevel ikkje kan påklagast og det vart i den samanheng opplyst følgjande:

«Med bakgrunn i det som er sagt ovanfor – som avvik frå det administrasjonen tidlegare har opplyst om klagerett – finn administrasjonen det rettast å informere forslagsstillar om dette og gjeve høve til uttale om klagen vert trekt, eller om ein har andre merknader til vidare handsaming.»

I svaret frå Vassbakk & Stol av 3.2.2015 er følgjande opplyst:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Vassbakk og Stol har hele tiden forholdt seg til den informasjon vi har mottatt fra Meland kommune og sendte en klage på vedtaket 23. juni 2014, innenfor fristen med videre utdypning av denne klagen 8.8.2014.

Adgang til å klage på vedtaket om avvisning av reguleringsplanen er etter vår oppfatning i tråd med Forvaltningsloven kapittel 4 og 5, om vedtak og retten til å påklage enkeltvedtak. Vassbakk & Stol stiller seg undrende til utsagnet om at et vedtak om å avvise et planforslag ikke kan påklages til noen klageinstans».

Vurdering:

Alminnelig klagerett over kommunestyret sitt vedtak om å eigengodkjenne reguleringsplanar vart innført ved lovendring i 1978. Klageretten vart vidareført i § 27-3 i 1985-lova. Same klagerett følgjer i dag av pbl § 12-12 tredje ledd, som har følgjande ordlyd:

«Kommunestyrets endelige vedtak om reguleringsplan kan påklages, jf § 1-9»

I boka «Plan- og bygningsrett» (O. Pedersen mfl) s 296 er følgjande uttalt om omfanget av klageretten etter denne heimelen:

«Gjenstand for klagerett etter § 12-12 tredje ledd er kommunestyrets endelige vedtak om reguleringsplan [...] Det er vidare bare kommunestyrets vedtak om å regulere eller å omregulere som kan påklages. Et vedtak om ikke å regulere eller ikke omregulere et område, kan ikke påklages [adm. understreking]– se nærmere Frihagen III 1988 s. 371».

På denne bakgrunn finn administrasjonen at vedtaket om å avslå planforslaget av 18.6.2014, sak 46/2014, ikkje er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland etter pbl § 12-12 tredje ledd eller forvaltningslova § 28 flg. Grunnen til det er at slike vedtak ikkje er enkeltvedtak etter legaldefinisjonen i forvaltningslova § 2 første ledd bokstav (b). Vedtaket inneber ikkje «*rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer*».

Vedtaket kan etter lova ikkje påklagast og kommunen er bunden av dette, sjølv om ein først gav feil informasjon til tiltakshavar om klagerett.

Det følgjer av forvaltningslova § 34 første ledd at dersom «vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken». Eit avvisingsvedtak, kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf forvaltningslova § 28, 3. ledd. Det vil då vere sjølve grunngjevinga for å avvise klagen som vert gjenstand for handsaming hjå fylkesmannen.

På bakgrunn av sakshandsaminga som har vore og tilbakemeldinga frå Vassbakk & Stol – som ikkje inneheld opplysningar om at klagen vert trekt – finn administrasjonen det riktig å treffe vedtak i saka. Vassbakk & Stol har då høve til å klage på avvisingsvedtaket til Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Ved heimel i forvaltningslova § 34 vert klage frå Vassbakk & Stol over Meland kommunestyre sitt vedtak av 18.6.2014, sak 46/2014, avvist.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Avvisingsvedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf fvl § 28 flg. Klagen skal sendast skriftleg til Meland kommune. Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er motteke. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Vassbakk & Stol AS